

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

Kristi himmelfartsdag – 26. mai 2022

Preiketekst: Joh 17,1-5

Lesetekst I: Ef 1,17-23

Lesetekst II: 1 Sam 2,1-9 eller Apg 1,1-11

Verket er fullført

Kristi himmelfartsdag er ein viktig minnedag i kyrkjeåret, sjølv om dei fleste i dag tenkjer mest på innklemt fredag og langhelg. Preiketeksta er likevel ikkje henta frå sjøve himmelfartsforteljinga, men frå Jesu bøn for læresveinane kvelden før han døydde. Denne bøna kallar vi ofte «Jesu øvsteprestelege bøn», og bøna lukker oss djupt inn i den tette bønerelasjonen mellom Sonen og Far.

Sonens herlegdom (v. 1, 4-5)

Det greske ordet *doksa* blir ofte forklart som herlegdom eller stråleglans. Bibel 2011 har difor valt uttrykksmåten «herlegdom lysa» for å uttrykkja det som på bokmål heiter «herliggjøre». Det er eit fint grep og får fram at denne herlegdommen er noko som stråler ut frå Sonen.

I ljøs av det som ligg før Jesus, er det underleg at han bruker ordet herlegdom. For måten denne herlegdommen skal bli synleg på, er jo ved at Jesus skal bli krossfest. Det er nok difor vi syng «la da lyset fra Golgata stråle meg imot» i den gamle bedehussongen.

Når Johannes snakkar om Jesu herlegdom, tenkjer han på heilskapen, teikna og forkynninga som viser at Jesus er sann Gud, krossen og den tomme grava, og til sist himmelfarten (sjølv om Johannes ikkje fortel om dette). Endemålet for bøna om den lysande herlegdommen er difor det som skjer på Kristi himmelfartsdag. Då har Jesus fullkome den herlegdommen han hadde hos Gud før verda vart til (jf. v. 5).

Dei som du har gjeve (v. 2)

Jesus har fått makt av Far over alt som «menneske heiter» og det er tale om «dei som du har gjeve han». Dette er underlege og oppbyggjelege ord. Tenk at du og eg som trur, er ei gåve frå Far til Sonen!

I den reformerte tradisjonen bruker ein blant anna desse orda til å tala om ein dobbelt predestinasjon, at Gud har valt nokon til frelse og nokon til fortaping. Etter mi meining blir dette å grava seg ned i Guds skjulte løyndom. Det viktigaste du og eg skal ta med frå dette er trua på at mi og di frelse er Guds verk frå ende til annan. Det er Gud Fader som gjev deg og

meg til Jesus. Dette skjer ved at han kallar oss ved evangeliet, som Luther seier det i forklaringa til 3. trusartikkel.

At dei kjenner deg (v. 3)

Det evige livet er å kjenna den einaste sanne Gud og Jesus, han Gud sende. I ei preik over denne teksten kan godt ordet «kjenna» utfaldast. I GT blir dette ordet jamvel brukt om den seksuelle relasjonen – «Adam kjente kona si» (1 Mos 4,1 – mi omsetjing). Kjennskap er meir enn overflatisk kunnskap om noko. Det er ein djup relasjon. Denne relasjonen er det evige livet. Det inneber også at dette livet byrjar allereie her og no.

Eit fullført verk (v. 4)

Ordet «fullføra» er det siste eg gjerne vil understreka. Det dukkar opp andre stader i Johannesevangeliet også, og kvar gong om den gjerninga eller verket Jesus er komen for å gjera (sjå Joh 4,34; 5,36). Her i bøna gjer Jesus det klart at dette verket no er fullført. Igjen siktar det på heile Jesu gjerning – orda han har sagt, teikna han har gjort og til slutt krossen og grava. I Joh 19,28 les vi korleis Jesus aktivt oppfyller alt som var sagt om han i Skrifta: Jesus visste no at alt var fullført. Og for at Skrifta skulle oppfyllast, sa han: «Eg er tørst.» Etter at han har drukke vineddiken seier han dei herlege orda «Det er fullført». Då var alt ferdig. Ikkje ein tøddel stod att. Skrifta var oppfylt og gjerninga var oppfylt.

Denne sanninga er den aller viktigaste også på Kristi himmelfartsdag. Jesus har gjort alt. Verket er fullført. Vegen er open. No er rommet hjå Jesus gjort i stand og du og eg er velkomne heim.

Knut Kåre Kirkholm

Høgskolelektor og undervisningsleiar ved Fjellhaug Internasjonale Høgskole og redaktør av magasinet Fast Grunn.

kkirkholm@fjellhaug.no